



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 12/2008

Møtedato: 28.1.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 663

S 663, Bjødnhøvd – klage over vedtak om tilbygg på sel

Åshild Reien søker i brev datert 8.9.08 om å føre opp eit tilbygg på selet. Stølen blir brukt til beite og slått ved eige drift.

I følgje stølsregistert er på stølen eit sel på 86 m² (BYA), dette tilsvarar 77 m² (BRA). Søkjaren opplyser at det var eit tilbygg på selet som vart rive for ein del år sidan. Tilbygget var på ca 20 m² (BYA). Med planlagt tilbygg blir selet på ca 90 m² (BRA). Dette tilsvarar omrent det areal som var på stølen før det gamle tilbygget var rive.

Fjellstyret har praktisert ei arealgrense på 70 m² (BYA) for stølar som blir brukt til beite/slått. Ved riving og bygging av nytt har det vorte godkjent det same arealet som tidlegare, sjølv om dette er over arealgrensa. Fjellstyret må vurdere om dette også skal virke tilbake i tid.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 11.9.09 gjeve utale med slik konklusjon:

En utvidelse av selet bør skje i lengderetningen, i dette tilfellet som en tilbakeføring. Generelt kan en si at ev. tilbakeføringer bør skje til en tilstand/periode som kan dokumenteres. En bør, ut over det, begrense tiltaket til det som er teknisk og bruksmessig nødvendig å gjennomføre.

Statskog skriv i si uttale m.a. følgjande:

I henhold til søknadens vedlagte plantegninger kommer vi frem til at selets størrelse etter en eventuell utvidelse vil bli ca. 104 m². Selet er i henhold til seterregisteret 86 m² pr. i dag. Etter vår oppfatning er det her snakk om forholdsvis en enkel drift av stølen som i liten grad fordrer kontinuerlig tilstedeværelse. Statskog er derfor av den oppfatning at det eksisterende selet på stølen bør være tilstrekkelig for en rasjonell utnyttelse av stølen slik den drives i dag.

Statskog tilrår følgelig fjellstyret å avslå søknaden om utvidelse av selet på denne stølen..

Fjellstyret gjer slik vedtak i sak 45/08:

Fjellstyret finn det dokumentert at selet har vore 20 m² større tidlegare, og godkjenner etter § 13 i stølsforskriftene søknad om tilbakeføring av opphavleg areal.

Fjellstyret tek tilrådinga frå Oppland fylkeskommune til følgje, og stiller som krav at selet skal tilbakeførast til opphavleg form ved påbygging i lengderetning. Fjellstyret vil ta søknaden opp til ny behandling når det er lagt fram nye teikningar som er i samsvar med uttale frå Oppland fylkeskommune.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

I del 1 av vedtaket stemte eitt medlem mot at søkeren får godkjent tilbakeføring til gamal storleik, fordi rivinga av tilbygget skjedde for mange år sidan. I del 2 av vedtaket stemte eitt medlem mot kravet om påbygging i lengderetning, og ynskte i staden å godkjenne bygget slik som omsøkt.

Statskog har brev datert 21.10.08 klaga over vedtaket. Statskog meiner at storleik på selet for 35 år sidan er irrelevant for vurdering av behovet jf. §13 i stølsforskriftene. Vidare meiner Statskog at fjellstyret ikkje har gjort tilstekkeleg vurdering av det driftsmessige behovet for hus.

Søkjaren har orientert nærmare om behovet for større sel i brev datert 6.11.08 og 26.01.09. Etter søkjaren overtok har det vorte meir aktiv drift på stølen. I tillegg til førproduksjon, er det starta opp at med beitedyr på stølen. Drifta er planlagt å utvikle drifta vidare med husdyrhald. Familien oppheld seg på stølen 2-3 månader om sumaren og stølen er ein deltid arbeidsplass. Det er i dag ikkje vaskerom eller bad, noko som ein har krav på etter arbeidsmiljøloven. Det er berre eitt soverom i selet. Kravet til komfort har endra seg mot

tidlegare tider. Søkjaren ynskjer å føre selet tilbake historisk rett, men med funksjonar som er naturlege i dag. Søkjaren viser og til prosjekt "Heime og på støle" og Valdres natur- og kulturpark. Begge har som mål å styrke stølsbruket og ivareta dei som ynskjer å drive stølsbruk.

Vedtak:

Fjellstyret tek Statskog si klage til følgje og avslår søknaden om tilbygg på selet. Grunngjeving for vedtaket er at tidlegare areal på selet ikkje er relevant ved vurdering av byggesøknaden og fjellstyret kan ikkje sjå at det ut frå drifta er behov for sel som er større enn det eksisterande.

Vedtaket er gjort mot 2 stemmer. Mindretalet meiner fjellstyret skal ta vidare omsyn ved behandling av byggesøknader, m.a. ta omsyn til kulturhistoriske verdiar. Mindretalet meiner det er viktig at selet kan bli ført tilbake til opphavleg utsjånad og ynskjer å godkjenne søknaden på kulturhistoriske grunnlag. Vilkåret er at selet blir ført tilbake til opphavleg utsjånad.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal adresserast til Statens landbruksforvaltning og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Åshild Reien
Vestre Slidre kommune